



Den eine seksjonen i ein tomannsbustad i Ospelunden er seld. Ny eigar er flytta inn.

Eit innlegg på Uskedalen.no 21. juni i år handla om dei mange husa som låg ute for sal, men også at det var stor variasjon i tida det tok frå fyrste kunngjering til huset verkeleg var seld. Status pr. 1. oktober er at 6 av desse husa er selde og har fått nye eigarar. Nokre av husa er alt innflytta. Andre vert renoverte og er klar for innflytting i tida fram til jul.

Oversikten er ikkje fullstending. Vi nemner ikkje namn slik det vert kunngjort i lokalavisene, i spalten Frå den eine til den andre. - omsetnad av eigedomar i Kvinnherad. Sal av eldre hus og leilegheter fører til tilflytting. Mange av objekta på lista nedanfor er selde til personar og familiar som har eller kjem til å flytta til Uskedalen.

- Leileghet med livsløpsstandard, utestove og garasje i Hagetunet er seld og teken i bruk av ny eigar
- Nye bustader i Ospelunden er ferdigstillt og innflytta
- Eldre villa med dobbel garasje i nedre Halsane er seld. Huset vert renoverte og innflytta tidleg i det nye året
- Einebustad i Halsane er seld og ny eigar er innflytta
- Einebustad nær sjøen i Gullvikjo er seld og vert gjort klar for innflytting i desse dagar
- Deler av tomannsbustad i Ospelunden nær Fylkesvegen er seld.

Vi må også ta med at eit eldre gardshus på Ytre Rød har fått ny eigar.

Så kjenner vi til at fleire hus ligg ute for sal, mellom anna på Ytre Eik i Padlaporsen. Det same gjeld eit eldre hus ved Fylkesvegen i Mørkevågen.

Utbygginga i Ospelunden held fram med full styrke. Oddbjørn Kroka fortel til Uskedalen.no at byggesteg 1 med 22 bueiningar snart er i hamn. Byggesteg 2 med 44 bueinignar er klar for oppstart. Han vil sjølv stå for bygginga av tre tomannsbustader og ein liten einebustad. Oppstart vert seint på hausten i år.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Einebustad i Halsane bygd kring 1980 er seld og innflytta.